



# **Intensjonsavtale for NY kommune mellom Sveio og Haugesund**

---



# Innhold

<u>1. Bakgrunn .....</u>	<u>3</u>
<u>2. Mål for NY kommune .....</u>	<u>4</u>
<u>3. Namn, målform, kommunevåpen og fylkestilhørighet.....</u>	<u>5</u>
<u>4. Politisk styring.....</u>	<u>5</u>
<u>5. Samfunnsutvikling .....</u>	<u>6</u>
<u>6. Økonomi .....</u>	<u>7</u>
<u>7. Tenester .....</u>	<u>8</u>
<u>8. NY kommune som arbeidsgjevar.....</u>	<u>10</u>
<u>9. Særskilte tema.....</u>	<u>10</u>
<u>10. Samanslåingsprosessen .....</u>	<u>11</u>

# 1. Bakgrunn

Regjeringa sine mål for ny kommunestruktur er:

1. Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.
2. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar.
4. Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

Kommunane skal sjølv vurdere sin eigen situasjon med bakgrunn i desse måla, og saman med nabokommunar sjå på om det finst gode grunnar for samanslåing.

Sveio og Haugesund greidde ut ny kommunestruktur i 2015 i samarbeid med Karmøy og Tysvær. Gjennom det felles utgreiingsarbeidet har me sett på fordelar og ulemper ved ulike alternativ for kommunesamanslåing. Desse går fram i rapporten «Mulighetsstudium om storkommune på ytre Haugalandet» som har vore lagt fram i fellesmøte med alle dei fire kommunane. Sveio og Haugesund kommune har begge vore aktive for å invitere nabokommunar med i samtalar med mål om ein storkommune. NY kommune vil også i framtida invitere nabokommunar inn i eit samarbeid og om ønskjeleg også inn i eit endå større kommunefelleskap.

NY kommune vil med om lag 42 000 innbyggjarar vera ein middels stor kommune. Om ein inkluderer fastlands-Karmøy, vil kommunen kunne ha meir enn 50.000 innbyggjarar. I følgje mulighetsstudiet (rapporten) vil evnen til å planleggja og utvikla samanhengande geografiske område bli styrka. Nærdemokratiet kan svekkast noko, men det lokale sjølvstyret kan styrkast ved at kommunen vert ein sterkare aktør ovanfor overordna styresmakter. Kapasitet og kompetanse vil styrkast i ein middels stor kommune, men ein må sikra geografisk spreining av tenestene. Samanslåing kan gje ein økonomisk effekt på sikt, men ei utfordring kan vera større avstand til dei som tek avgjerdene. Ein stor fordel med ein større kommune er at det blir betre samsvar mellom det å vere ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion og det å kunne planlegge ein heilskapleg og betre koordinert samfunnsutvikling.

Styringsgruppa har i arbeidet med intensjonsavtalen vore opptatt av at viktige tenester skal vera tilgjengelege for innbyggjarane i like stor grad som i dag.

Kommunestyra i Sveio og Haugesund har gjort vedtak om å føra «nabosamtalar» om ein intensjonsavtale for NY kommune. Kommunestyra kan gjera vedtak om å fremja søknad om samanslåing i juni 2016. Endeleg vedtak vert gjort av Kongen i statsråd i 2017. Ein tek sikte på å etablere ny NY kommune 1. januar 2020.

Forhandlingsutvala har i arbeidet med intensjonsavtalen vore opptatt av at ein legg ned dei gamle kommunane og byggjer opp og skapar ein ny kommune. Ved undertekning av endeleg avtale, er det ei klar forventning om at kommunestyret i NY kommune i dei to neste periodane ikkje gjer vedtak i strid med intensjonsavtalen.

Følgjande har delteke i forhandlingane frå dei to kommunane. Frå Sveio kommune: Ordførar Jorunn Skåden, varaordførar Ruth G. Ø. Eriksen, Håkon Skimmeland, Rune Teikari, Lars Einar Hollund, Beathe Susanne Haugland, Jarle Jacobsen, Dagfinn Bjørge og Bjarne Aksnes, Martinsen (sekretær). Frå Haugesund kommune: Ordførar Arne-Christian Mohn, varaordførar May Britt Vihovde, Jarle Utne-Reitan, Herdis Gunn Rødne og Ole Bernt Thorbjørnsen.

## 2. Mål for NY kommune

NY kommune har ambisjon om å vera den beste kommunen å bu, leva og arbeida i. NY kommune skal ta opp i seg det beste frå kvar av dei eksisterande kommunane og utvikla dette vidare. NY kommunes visjon er å vere ein klima- og miljøvenleg kommune.

### Styrka næringslivet, landbruket, maritim og marin næring

NY kommune vil satse på næringslivet i heile kommunen. Landbruksnæringa, maritim og marin næring skal styrkjast.

### Betre planlegging og utnytting av areal

NY kommune skal gje betre løysingar for senterutvikling, transport, bustadbygging og næringsliv. Dette vil me gjera ved å planleggja areal og utbygging i heile den nye kommunen og med omsyn til samla planlegging for heile Haugalandet og Sunnhordland.

### Framoverlent og framtidsretta

NY kommune vil ta ein posisjon som gjev politisk påverknadskraft både regionalt og nasjonalt.

### Folkehelse

NY kommune skal vere oppteken av å prioritere folkehelse og førebygging til beste for livskvaliteten for innbyggjarane.

### Gode og tilgjengelege tenester

NY kommune skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å løysa framtidens utfordringar og ha høg kvalitet i tenestene. Dette vil me gjera ved å skapa større og sterkare fagmiljø, som gjev betre grunnlag for rekruttering og kompetanseutvikling. Tenester skal spesialiseras der det er føremålstenleg.

### Sunn økonomi og ressursutnytting

NY kommune skal ha solid økonomi med bærekraft og gode tenester, og halde fram med ansvarleg økonomisk styring som i dag. Dette vil me gjera ved å satsa på ein effektiv administrasjon som frigjer ressursar til tenesteproduksjonen.

### Gode vilkår for kulturen og dei frivillige

NY kommune skal ha eit variert kulturliv og leggja godt til rette for den viktige rolla dei frivillige har i lokalsamfunnet.

Dette vil me gjera ved å vidareutvikla kulturinstitusjonar og arrangement gjennom breiband i heile kommunen og målretta kommunal satsing på IKT vil bidra til å lukkast med dette målet.

### Ein attraktiv arbeidsgjevar

NY kommune skal vera ein raus og inkluderande arbeidsgjevar som er framtidsretta og profesjonell. Dette vil me gjera ved å satsa på gode prosessar, medverknad, innovasjon, omstilling, kompetanseutvikling og styrking av fagmiljøa.

### Ein smart kommune

NY kommune skal vera langt framme når det gjeld å utvikla og ta i bruk nye løysingar som styrkjer lokalsamfunnet og tenestene. Dette vil me gjera ved å satsa på digitalisering og innovasjon i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og forskningsmiljø. God infrastruktur gjennom breiband i heile kommunen og målretta kommunal satsing på IKT vil bidra til å lukkast med dette målet.

### 3. Namn, målform, kommunevåpen og fylkestilhørighet

Haugesund er bokmålskommune og Sveio er nynorskkommune. Målform i NY kommune skal vere nøytral.

Innbyggjarane skal bli involvert ved val av namn, kommunevåpen, visjon og grafisk uttrykk.

NY kommune vil arbeide for at det vert oppretta ein stor vestlandsregion som både dagens Hordaland fylke og dagens Rogaland fylke er del av. Fellesnemnda vert oppmoda om å syte for at Sunnhordland og Haugalandet kjem i same fylke eller region. Ny kommune må minimum oppretthalde dei tilskott ein i dag har frå fylka i dei to kommunane.

### 4. Politisk styring

NY kommune skal vera ein open og tilgjengeleg kommune med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Kommunen vil leggja til rette for medverknadsprosessar med innbyggjarane.

Ny kommune skal ha formannskapsmodell med hovedutval og gjennomgåande representasjon. Etter kommunelova skal kommunar med over 50 000 innbyggjarar ha minst 35 representantar. I dag har dei to kommunane til saman 74 representantar i kommunestyra.

NY kommune skal ha 55 representantar i kommunestyret for å oppnå god representasjon frå alle delar av den nye kommunen. Formannskapet skal ha 11 medlemmer. Hovudutvala skal ha 11 medlemmer.

Fellesnemnda skal samordne hovedutvala i dei to kommunane, med mål om å vitalisere politikken kan nokre av utvala til dømes ha møte ute i einingane eller hjå sentrale næringslivs-aktørar.

#### Kommunedelsutval

Det skal opprettast kommunedelsutval for områda som ligg nord for Haugesund sentrum (inkludert nordbygdene og områda som i dag utgjer dagens Sveio kommune. Fellesnemnda (sjå kap. 10) vil ta stilling til oppgåver og organisering. Kommunestyret i NY kommune vil delegere mynde og legge til rette for sekretariatsbistand til kommunedelsutvalet.

Kommunedelsutvalas oppgåver er bestemt av kommunelova og har i NY kommune oppgåver innanfor følgjande område:

- Eit politisk organ som bidrar til lokalt engasjement for nærmiljøet.
- Ein kanal for dialog mellom innbyggjarane i området og kommunen.
- Eit høyringsorgan for politiske avgjerder som påverker innbyggjarane i området.

Utvalet sine medlemmer vert utpeikt av kommunestyret i NY kommune. Leiar for kommunedelsutvaldet skal sitte i formannskapet i NY kommune.

#### Andre råd og utval

- Kontrollutvalet skal ha 7 medlemmer
- Andre råd og utval
- Barna sitt kommunestyre/ ungdomsråd
- Integreringsråd, råd for funksjonshemma og eldreråd
- Partssamansette utval – administrasjonsutval (jamfør kommunelova §25).

## 5. Samfunnsutvikling

### NY kommune i regionen

NY kommune ligg i både Sunnhordland og på Haugalandet og skal arbeide for at desse to regionane blir tett integrert. NY kommune skal delta på viktige arenaer i begge regionar.

### Areal og utbygging

NY kommune vil få eit areal på 319 kvadratkilometer. Til bustad- og næringsformål er det i gjeldande kommuneplanar sett av utbyggingsareal for mange år framover. NY kommune vil nytte areala i heile kommunen, ikkje minst med utgangspunkt i transportaksane E39, E134 og fylkesveg 47.

Samla arealplanlegging er grunnlaget for ein meir effektiv, bærekraftig og framtidsretta arealpolitikk på Haugalandet. Det skal takast omsyn til jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ein større kommune må forventast å få- og arbeide for større grad av sjølvråderett.

NY kommune vil legge gjeldande kommuneplanverk til grunn for vidare utvikling av kommunane og for komande arealplanarbeid.

Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland skal leggjast til grunn for framtidig forvaltning av strandsona i ny kommune.

Haugesund sentrum er regionsenter på Haugalandet. NY kommune vil arbeide for sterk og god vekst i kommunedelsenteret Sveio . I tillegg vil NY kommune arbeide for at bygdene, inkludert Ekrene, får utvikle seg.

### Struktur

Haugesund vert kommunesenter i NY kommune. Det skal elles leggjast til rette for vekst basert på lokal identitet og utvikling av offentlege og private tenester og handel i fleire nåverande tettstader i den nye kommunen. Det er viktig å legge til rette for levande lokalsamfunn som grunnlag for lokalt engasjement og samfunnsbygging i nærmiljøa. NY kommune vil legge til rette for at levande lokalsamfunn skal kunne utvikle seg positivt også i framtida. Tilgong til barnehage og barneskule med god kvalitet i nærområda er særskild viktig.

### Transport og kommunikasjon

NY kommune vil satse på utbetring av veg, sjøtransport og annan infrastruktur i kommunen og i regionen. NY kommune vil satse på utbetring av veg og annan infrastruktur i kommunen og i regionen. E39 er saman med fylkesvegane i tidlegare Sveio kommune viktige vegar i den nye kommunen. Desse må sikrast naudsynt utbygging gjennom ny vegpakke, ved at vegnettet inklusive sykkel- og gangvegar i den nye kommunen får ein mest mogleg lik standard. Den nye kommunen må vere ein pådrivar for utbygging av riks- og fylkesvegar.

I NY kommune er kollektivtransport eit viktig satsingsområde. Det må jobbast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Dette inneber ein satsing på busstilbod som legg til rette for nyttige kollektivløysingar i heile den nye kommunen.

Trafikksikkerheit har høg prioritet, og ei satsing på gang- og sykkelvegar sikrar trygge skulevegar, gjev god folkehelse og bidreg til betre klima og miljø.

### Næringsutvikling

NY kommune vil prioritere satsing på næringsutvikling innan eigne grenser. NY kommune vil leggja til rette for eit variert næringsliv og tilby lokalisering både for arealkrevjande og arbeidsintensive verksemdar. Det er viktig å leggja til rette for sterke næringsklynger der ein kan samla kompetanse og arbeidskraft.



Ny kommune skal tilrettelegge for næringsutvikling gjennom gode tilskotsordningar og annan bi-stand. NY kommune må utnytte transportaksen R47, E39, E134 og sjøvegen som ein moglegheit for vidare vekst. Spesielt ser NY kommune eit stort potensial med å bygge næringsklynger som kan knytte Sunnhordland og Haugalandet saman.

Næringsplanane i dei to kommunane ligg til grunn for vidare arbeid. Fellesnemda (sjå kap. 10) eller kommunestyret i NY kommune vil ta stilling til korleis kommunen best kan organisera seg for å bli ein leiande næringskommune.

NY kommune skal ha ein viktig regional og nasjonal næringsposisjon innan:

- Kunnskapsbaserte næringar
- Olje og gass
- Handel
- Haugalandet og Sunnhordland som reisemål
- Velferdsteknologi, helsenæring og rehabilitering
- Landbruk og marin næring
- Fornybar næring
- Maritim næring

### Samfunnstryggleik, klima og miljø

NY kommune skal vera ein trygg stad å bu for alle innbyggjarar, og ha særlig fokus på å forebygge fremvekst av parallellsamfunn, radikaliserings og voldelig ekstremisme. Kommunane sine risikoanalysar og beredskapsplanar vert samordna og reviderte ved etableringa av den nye kommunen. Ved etableringa av ein ny kommune må planane utviklast vidare med særskilt fokus på, alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebygga klimaendringar gjennom lokal handling.

## 6. Økonomi

God økonomistyring og berekraftig ressursbruk skal kjenneteikna NY kommune.

Sunn økonomi skal gje handlingsrom til å løysa nye utfordringar. Satsar for eigendelar og gebyr vert harmonisert innanfor kommunen.

Sveio kommune og Haugesund kommune har ulike satsar for berekning av eigedomsskatt. Eigedomsskatten vert harmonisert ved å nytte Haugesund kommune sin modell for vidare arbeid.

Sveio kommune og Haugesund kommune har i dag ulike pensjonskasser, KLP og Haugesund pensjonskasse. Fellesnemda i NY kommune vil ta stilling til val av pensjonskasse for NY kommune.

I forbindelse med overgangen til ny kommune får kommunar som slår seg saman i reformperioden før 2018 dekt eingongskostnader med eit standardbeløp rekna ut frå talet på kommunar og innbyggjarar i samanslåinga. Staten har rekna at dette i stor grad vil dekkja kostnadene ved samanslåinga. I tillegg får alle samanslåtte kommunar ei reformstøtte ut frå talet på innbyggjarar. NY kommune får 50 millionar kroner i eingongsstønad og reformstønad.

Dagens ordning med inndelingstilskott vert vidareført slik at NY kommune får behalda tilskottet som om den var to kommunar i 15 år etter samanslåinga. Deretter vil inndelingstilskottet trappast ned over fem år.

## 7. Tenester

Tenestetilbodet skal ivareta viktige omsyn. Nærteneste-prinsippet skal ligge til grunn for tenestene til ny kommune. Tenester som krev nærleik til brukarane og kunnskap og kjennskap til nærmiljøet må fortsatt leverast lokalt. Tenester som innbyggjarane ikkje nyttar til dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret og kommunedelsenteret. Effektiviseringsvinstar ved etablering av ein ny og større kommune skal gje betre tenester til innbyggjarane. Stedsuavhengige tenester, slik som einskilde driftseiningar, administrative og merkantile tenester, samt tenester som krev spesialisert kompetanse, bør samlokaliseras. Tenestene må lokaliseras i dei ulike kommunedelane.

Den nye kommunen skal ha:

- Tilstrekkeleg kapasitet og dekningsgrad i alle tenester
- Sterke fagmiljø, god leing og god internkontroll
- Barnehagar, skular, helse- og omsorgstenester nær innbyggjarane
- Effektiv tenesteproduksjon
- Desentraliserte tenester
- Kommunehuset i Sveio skal vere del av den samla administrasjonen i NY kommune og ha sentrale offentlege funksjonar og tenester.

### Barnehagar

Sveio og Haugesund kommune har i dag god kapasitet i talet på barnehageplassar, og det er eit mål å oppretthalda eit godt tilbod i heile den nye kommunen. Barnehageplanane i dei to kommunane vert samordna og reviderte for å møte framtidige behov.

Den nye kommunen vil ha barnehagetilbod nær stadene der folk bur og arbeider.

I NY kommune vil alle med rett til plass få tilbod i ein av fem barnehagar dei sjølv prioriterer.

### Skular

Dei to kommunane har i dag eit bredt samarbeid innanfor PPT og Haugalandsløftet. Dette dannar grunnlaget for vidare satsing på kompetanse og kvalitet i skulane.

Nærskuleprinsippet ligg til grunn for framtidige skulebruksplanar. Skulane i ny kommune skal ikkje svekkast som følgje av oppretting av NY kommune. Skular som er i drift ved oppstart av NY kommune har særskilt vern i første kommunestyreperiode.

### Helse og omsorg

NY kommune skal ha god kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Dagens omsorgsnivå vert vidareført som prinsipp. Det vil vera stor vekt på heimebaserte helse- og omsorgstenester. Det skal vera helsestasjonar, sjukeheimplassar og omsorgsbustader fleire stader i kommunen. Nokre tenester vert samlokaliserte og spesialiserte slik at verdien av samla kompetanse kjem innbyggjarane til gode. Spesialfunksjonar bør samlast for å sikra sterke fagmiljø med relevant kompetanse. Sveio omsorgssenter skal, saman med øvrige fem i Haugesund kommune, vere høgt prioritert i framtidig utvikling, spesialisering og organisering av pleie og omsorgstenester i NY kommune. Sjukeheimplassar i ny kommune skal baseras på enkeltrom, dersom ikkje brukarane har andre ønskje.

### Kultur

Dei to kommunane har eit variert kulturliv med etablerte institusjonar, festivalar og arrangement. Nokre av institusjonane har regional og nasjonal rolle. NY kommune skal vidareutvikla mangfaldet og kvaliteten i kulturtilbodet og framstå som ein sterk kulturkommune.

Kulturskulen er viktig for generell kulturkunnskap og opplæring i estetiske fag. Både kapasitet og



kompetanse, breiddetilbodet og talentutvikling vert ivaretatt gjennom ei felles overordna organisering. Grunnleggjande kulturskuletilbod bør tilbys desentralisert, medan ei samordning og spesialisering av talentprogram, samspel og særskilte tilbod vil vera mogleg i ein større kommune.

Det er i dag eitt hovudbibliotek i kvar kommune. NY kommune skal vidareutvikla biblioteka, sikra god tilgang til bibliotektenester og skapa møteplassar for innbyggjarane i heile kommunen. NY kommune skal ha folkebibliotek i Haugesund sentrum og filial i Sveio sentrum med høg standard.

### **Frivillige organisasjonar og idrett**

Frivillig verksemd er svært viktig for kommunen og lokalmiljøet. Ein ny kommune må ha som mål å gjera dei frivillige organisasjonane sine vilkår minst like gode som dei er i dag. NY kommune skal sikra idrettslaga trygge kår, slik at dei kan rekruttera godt til frivillige verv og oppgåver, og skapa gode arenaer for innbyggjarane.

Retningslinjer for tilskott vert utarbeidde av den nye kommunen etter modell av den beste ordninga blant dagens ordningar. Det skal sikrast utbygging av tidsriktige anlegg for breddeidrett i heile kommunen.

Det må vurderast om eksisterande kommunale bygningar som i framtida ikkje blir nytta til kommunale tenester får ein etterbruk til nytte for lokalsamfunnet.

### **NAV**

NAV har ansvar for sosial-, arbeids- og trygdetenester for alle. NY kommune vil legge til rette for eit moderne og sterkt NAV-kontor. NY kommune skal syte for at det er eit desentralisert kontor på kommunehuset i Sveio.

### **Kyrkja**

Kommunane har eit økonomisk ansvar for drift og investeringar i Den Norske Kyrkja. Det er eit mål at kyrkja skal ha ei økonomisk utvikling tilsvarande tenestene i NY kommune.

Ved ei kommunesamanslåing bør dei to kyrkjelege fellesråda bli slått saman til eitt.

### **Servicetorg**

Den nye kommunen skal ha eit høgt servicenivå og god dialog med brukarane i alle tenestene. Dei kommunale servicetenestene vert stadig meir digitale. Det vert servicetorg i tettstadane Sveio og Haugesund der innbyggjarane får svar på spørsmål og rettleiing om kommunale tenester

### **Bygg- og eigedomsforvaltning**

Kommunane eig store verdiar i form av tomtegrunn, bygningar og anna eigedom. I tillegg vil NY kommune vera ein stor utbyggjar i framtida. Dette krev rett kompetanse og god nok kapasitet. Med eit større fagmiljø kan den nye kommunen forvalta, drifta og utvikla eigedom effektivt og robust.

### **Planavdeling og landbrukskontor**

Fellesnemnda vil vurdere plassering av planavdeling, landbruk/ miljø, oppmålingstenester og/ eller byggesak på kommunehuset i Sveio (jamfør kulepunkt kap 7 om Sveio kommunehus).

### **Spesialiserte funksjonar og tenester**

Nokre tenester og funksjonar har små og spesialiserte fagmiljø. Dimensjonering, rekruttering, kompetanse og kapasitet i slike tenester og funksjonar er blant utfordringane. NY kommune vil få større fagmiljø og venteleg større stabilitet i slike funksjonar.

Dei to kommunane har i dag ulike arkiv- og IKT-system. Desse må samordnast ved ei samanslåing av kommunane.

## 8. NY kommune som arbeidsgjevar

Medarbeidarane vil vere den nye kommunen sin viktigaste ressurs. NY kommune skal vera den mest attraktive arbeidsgjevaren i regionen. Kommunen skal vera raus og inkluderande og ha god dialog med medarbeidarane.

NY kommune vil bruka nødvendige verkemiddel for å sikra god rekruttering til faste og heile stillingar i heile kommunen. Ny kommune vil vere ein føregangskommune for bruk av lærlingar.

NY kommune skal ha ein handlekraftig og effektiv kommunal organisasjon, med god leiing, høg kompetanse og kvalitet i alle ledd. Nokre medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Gode prosessar skal sikra at alle tilsette vert høyrde og kan bidra til omstillinga.

Fellesnemnda (sjå kap. 10) skal inngå omstillingsavtale med dei tilsette sine organisasjonar. Denne avtalen skal omhandla sjølve endringsprosessen, partssamansette endringsorgan, frikjøp av tillitsvalde, spørsmål om løn, harmonisering av ytelsar og ein garanti mot å verta oppsagt.

## 9. Særskilte tema

### Interkommunalt samarbeid

NY kommune er involverte i ei rekkje interkommunale samarbeid. Dei fleste interkommunale samarbeid involverer fleire enn dei to tidligare kommunane.

Det nye kommunestyret må gå gjennom det interkommunale samarbeidet og vurderer om nokre av desse oppgåvene bør løysast av kommunen sjølv. NY kommune vil invitere andre kommunar til samarbeid (til dømes som vertskommune).

### Haugaland Kraft AS og Karmsund hamn IKS

NY kommune har vesentlege eigardelar i Haugaland Kraft AS (Haugesund 31,97% og Sveio 5,05%)

NY kommune vil verta største eigar i Karmsund Havn IKS, med nær 42,01 % eigardel.

Det nye kommunestyret tek stilling til vidare utvikling av selskapa. Både økonomi og tilbodet til innbyggjarane vil vera viktig i vurderinga.

### Brannvesen

Rådmennene i Sveio og Haugesund har greia ut og innstilt på etablering av eit Felles Brann IKS på Haugalandet.

Organiseringa av eit godt brannvesen vert ei viktig oppgåve for den nye kommunen.

### Legevakt og øyeblikkeleg hjelp

Dagens kommunar har felles legevakt lokalisert i Karmsundgaten i Haugesund.

Tilbod for øyeblikkeleg hjelp for Sveio og Haugesund er lokalisert i Haugesund sentrum.

### SIM eller HIM?

Haugesund kommune og Sveio kommune er medlemmer av ulike renovasjonsselskap. Fellesnemnda (sjå kap. 10) vil ta stilling til korleis renovasjon blir organisert i NY kommune.

### Haugaland vekst IKS

Sveio kommune og Haugesund kommune er medlemmer av Haugaland vekst IKS. Dette inkluderer regionrådet (regionale saker) og begge kommunar kjøper også næringssservice av selska-

pet. Fellesnemnda vil ta stilling til organiseringa av næringsfunksjonen i NY kommune.

## Revisjon

Fellesnemnda (eller kontrollutvalet) vel revisor i NY kommune sitt første driftsår.

## 10. Sammenslåingsprosessen

Samanslåingsprosessen bør gjerast så effektiv og kortvarig som råd er, samtidig som ein skal ha gode og opne prosessar med grundig saksutgreiing, sterk politisk forankring i begge dei gamle kommunane og god dialog med innbyggjarar og tilsette.

Når departementet har gjort vedtak om at kommunar kan slå seg saman, skal det opprettast ei fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for NY kommune skal ha 9 medlemmer med 5 frå Haugesund kommune og 4 frå Sveio kommune.

Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmer og representantar frå dei tilsette sine organisasjonar.

Ein tek sikte på at den nye kommunen blir etablert frå 1. januar 2020.

Fellesnemnda har følgjande mandat:

- Fellesnemnda skal tilsette ny rådmann i NY kommune og rammer for organisering av eige prosjekt for samanslåing av den nye kommunen.
- Fellesnemnda skal sjå til at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad/ bestemmelse i forhold som gjeld samanslåing av kommunane vert ivaretatt.
- Medlemmer i Fellesnemnda skal også vere arbeidsgivar sin representant i parts-samansett utval for samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda tar stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei to kommunane.
- Fellesnemnda skal etterspørre og avklare alle prinsipielle forhold vedkomande samanslåingsprosessen.
- Kommunane har i perioden frem til 1.januar 2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg i saker som er til behandling i kommunenes ordinære utval frem til den nye kommunen er etablert og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda har eit særleg ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og forberede budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023. Det er imidlertid det nye formannskapet som skal avgi budsjettinnstilling til det nye kommunestyret.
- Fellesnemnda skal søkje å oppnå konsensus i alle avgjersler. Dersom ein ikkje oppnår semje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert.

- Prosessen for tilsetting av prosjektleiar/ny rådmann og øvste administrative leiding herunder korleis tillitsvalde skal bli inkludert på ein god måte, skal handsamast av partssammensett utval. Utvalet skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgiver og dei tilsette. Utvalet skal gi uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Sveio 10. mai 2016



---

Jorunn Skåden  
Ordfører  
Sveio kommune



---

Arne-Christian Mohn  
Ordfører  
Haugesund kommune